



Kolbjørn Tveit
Sæbøvågen 8b
5938 SÆBØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/6744 - 22/71917

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
19.09.2022


Melding om registrert bygning unntatt søknadsplikt - gbnr 488/94 Marås

Kommunen har registrert ferdig oppsatt bygg i matrikkelen etter opplysningar i innsendt melding frå deg. Merk at eigned. har gnr 488 i Alver kommune (tidl gnr 88 i Radøy).

Bygget er plassert ca i kart (fasadeliv) og bygningsopplysningane er registrert i bygningsdelen i matrikkelen. Bygget vil verte meir nøyaktig innteikna etter neste ny-kartlegging.

Areala er registrert slik som du har sendt dei inn. Er litt usikker på om dei er heilt rett, då BYA (huset sitt fotavtrykk) er oppgitt til 29 m², medan BTA- areal inklusiv ytterveggar er oppgitt til 25 m². BTA er vanlegvis enten lik eller større enn BYA. Kan det vera takflata som er 29m² eller?

Dersom du kontrollerer innsende areal og sender inn oppdaterte opplysningar, kan me retta dette i matrikkelen i ettertid.



Ved denne registreringa av bygg utan søknadsplikt i kart og matrikkel, etter Plan- og bygningslova (PBL) §20-5, er det ikkje vurdert om oppsett bygg oppfyller vilkåra for fritak frå søknadsplikt. I slike saker er det byggherre sitt ansvar å kontrollere at alle vilkår for å byggja unntatt søknad er til stades.

Registreringa i matrikkelen inneber då heller ikkje noko godkjenning av bygget etter PBL.

Vedlagt er matrikkelrapport som viser kva opplysningar som er registrert om bygget.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

488-94-1- bygg unntatt søknadsplikt

Mottakarar:

Kolbjørn Tveit

Sæbøvågen 8b

5938

SÆBØVÅGEN